



Hornindal kommune



Ein symjar bronseskulptur av Anders Svør ved Smia

Kommunal plan
for
idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
2009 – 2012

Eigengodkjent av kommunestyret i K-sak 079/08

Innhald

0 INNLEIING	4
1 GENERELLE PLANKRAV - MÅL OG STRATEGI	5
1.1 Bakgrunn og plankrav.....	5
1.2 Mål for statleg idrettspolitikkk.....	5
1.2.1 Planprosessen	5
1.2.2 Minstekrav	6
1.3 Mål.....	6
1.4 Behovsanalyse	6
1.5 Fylkeskommune/ stat sine overordna mål.....	6
1.5.1 Fylkeskommunen sitt overordna mål.....	6
1.6 Føremål med planen	7
2 DEFINISJONAR / KLARGJERING	7
2.1 Omgrep	7
2.1.1 Idrett.....	7
2.1.2 Fysisk aktivitet.....	7
2.1.3 Friluftsliv	7
2.2 Idrettsanlegg	8
2.2.1 Nærmiljøanlegg	8
2.2.2 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg	8
2.2.3 Ordinære anlegg.....	8
2.2.4 Nasjonale anlegg.....	9
2.3 Friluftslivområde, friområde og friluftslivanlegg	9
2.3.1 Friluftsområde	9
2.3.2 Friområde	9
2.3.3 Friluftslivanlegg i fjellet.....	9
2.3.4 Friluftslivsanlegg	9
3 MÅLSETTING FOR HORNINDAL KOMMUNE	10
3.1 Overordna mål	10
3.1.1 Mål for idrettsarbeidet.....	10
3.1.2 Mål for fysisk aktivitet/ friluftsliv	10
3.1.3 Utbyggings- og tilretteleggingsmål, anlegg og område	11
4 RESULTATVURDERING - PLANEN FRÅ FØREGÅANDE PERIODE – NO-SITUASJON.	11
4.1 Planen som styringsreiskap	11
5 SPELEMIDLAR - SØKNADSGRUPPER OG TILSKOTS-ORDNINGAR	12
5.1 Ordinære anlegg	12
5.2 Fastsette søknadssummar for ein del ordinære idrettsanlegg.....	12
5.3 Nærmiljøanlegg	12
5.4 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg	12
5.5 Friluftsanlegg i fjellet	13
5.6 Lokale og regionale kulturbygg	13
5.7 Andre tilskot (ikkje spelemidlar).....	13

6	UTVIKLINGSTREKK - FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE I HORNINDAL KOMMUNE	13
6.1	Statistikk og fakta om fysisk aktivitet og folkehelse i Noreg	14
6.2	Fysisk aktivitet i Hornindal kommune	14
6.3	Fysisk aktivitet blant funksjonshemmede, eldre og andre med nedsett funksjonsevne.	14
6.4	Fysisk aktivitet blant innvandrere	15
6.5	Frivillig innsats.....	15
7.	STATUS.....	16
7.1	Idrettsanlegg	16
7.2	Skytebaner.....	16
7.3	Langrenn/skiskyting/hopp.....	16
7.4	Alpinanlegg	17
7.5	Andre anlegg	17
7.6	Interkommunale idrettsanlegg.....	20
7.7	Kulturbygg	20
8	INNSPEL TIL PLANARBEIDET.....	20
8.1	Trong for anlegg og område.....	20
8.2	Kriteria for utbygging.	21
8.3	Nye idrettsanlegg.....	21
8.4	Nærmiljøanlegg.	22
8.5	Anlegg og område for friluftsliv.	22
9	AREALSIKRING.....	23
10	DRIFT OG VEDLIKEHALD	24
10.1	Kommunale anlegg og driftstilskot	24
10.2	Private anlegg	24
10.3	Estetikk og miljø.....	24
10.3.1	Kulturminne.....	25
11.	VEDLEGG.....	26
11.1	HANDLINGSPLAN – ORDINÆRE ANLEGG 2009 - 2012	26
11.2	HANDLINGSPLAN – NÆRMILJØANLEGG 2009 - 2012	26
11.3	HANDLINGSPLAN – FRILUFTSLIVTILTAK 2009 - 2012	26
11.4	HANDLINGSPLAN – KULTURHUS 2009 - 2012	26
11.5	LISTE – UPRIORITERTE ANLEGG.....	26

0 INNLEIING

Plan for idrett og fysisk aktivitet i Hornindal kommune vart sist revidert i 2004, og i samband med revisjonen i 2008 har plangruppa vald å føye til "friluftsliv" i tittelen. Dette for å markere denne forma for fysisk aktivitet i planen

Planen skal vere eit styringsverktøy for satsinga på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i kommunen, og for at planen skal få ein slik funksjon må han vere ei rettesnor for planmessig og samordna anleggsutbygging både for kommunen - og for lag/ organisasjonar. Planen er også eit viktig grunnlag ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen, og til økonomiplanen. I tillegg skal planen vere retningsgjevande for kommunen og fylkeskommunen ved prioritering av søknadar om offentleg støtte til gjennomføring av tiltak.

Vidare skal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Hornindal kommune vere informativ, og kunne danne grunnlag for eit godt samarbeid mellom innbyggjarar, organisasjonar og kommunen.

Utval for oppvekst og helse har hatt det politiske ansvaret for revisjon av planen, mens administrasjonen har hatt ansvar for å føre planen "i pennen".

Plangruppa har vore samansett slik:

For frivillige lag og organisasjonar	Hildur Lund
For grunneigarlaget	Ole Roar Fannemel
For ungdomsrådet	Britt Raftevoll
For. for idrettslaga	Robert Grodås og Eldbjørg Hatledal
Frå administrasjonen	Ståle Hatlelid og Marie Egset Haug
Ass. representant. Folkehelserådet	Jorunn Sølvsberg

Med grunnlag i Kultur- og kyrkjedepartementet sin rettleiar (V-0798B), og dels ut frå vurderingar i plangruppa, er planutforminga noko endra i høve til planen frå 2004.

Nemnda sine prioriteringar er gjort ut frå målsetjinga om at dei tiltak som er føreslegne i planen også må kunne gjennomførast i praksis. Det er vidare lagt vekt på å prioritere vedlikehald fram for nye prosjekt, og det er teke omsyn til at den gamle dugnadsanda held på å bli borte, og at det blir meir vanleg å betale for "dugnadsarbeid".

Nemnda meiner òg at det må satsast meir på uorganisert aktivitet

1 GENERELLE PLANKRAV - MÅL OG STRATEGI

1.1 Bakgrunn og plankrav

Kultur- og kyrkjedepartementet krev at kommunen utarbeider samla plan for idrett og fysisk aktivitet som grunnlag for tildeling av spelemidlar. M.a. skal planen innehalde eit prioritert handlingsprogram for den kommande fireårsperioden og langsiktig uprioritert del. Kommunalplanen skal ta føre seg utbygging av nye og rehabilitering av eksisterande idretts-, friluftss- og nærmiljøanlegg i kommunen. Det kan søkjast om spelemidlar til prioriterte anlegg – for gjennomføring dei einskilde år i handlingsprogrammet.

I PBL §20-1 står det:

Kommunane skal utføre ei løpande kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine område



Hornindalsrokk mot sørvest, Hornindal

1.2 Mål for statleg idrettspolitik

”Staten har som mål å bidra til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg, slik at flest mulig kan drive idrett og fysisk aktivitet. Ved tilskudd av spillemidlene prioriteres derfor anlegg og områder med mange brukere, og som gir befolkningen mulighet til å drive både egenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den organiserte idretten. Barn (6-12 år) og ungdom (13-19) år er viktige målgrupper. Ved planlegging og utforming av anlegg skal det både tas hensyn til barns mulighet til å drive fysisk aktivitet i lokalmiljøet, og ungdommens behov for utfordringer og variasjon. For anlegg som skal brukes til konkurranser må det tas hensyn til den enkelte idretts krav til utforming.”

(http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/tema/andre/Spillemidler_til_idrettsanlegg/Idrettsanlegg.html?id=426615)

1.2.1 Planprosessen

Planprosessen skal følgje reglane i Plan- og bygningslova, med vekt på følgjande :

- Politisk medverknad
- Tverretatleg administrativ medverknad
- Samarbeid med statlege, fylkeskommunale og andre offentlege styresmakter
- Samarbeid med private organisasjonar og grupper med spesiell interesse i planarbeidet

I det siste punktet legg ein særleg vekt på samarbeid med idretten gjennom Hornindal og Markane idrettslag. Med fokus på folkehelsa, er folkehelsekoordinator og folkehelserådet gjennom partnerskapsavtalen med fylkeskommunen ein viktig medspelar

I departementet sin rettleiar er desse planfasane skildra:

1. Avklare verksemdsområdet for planen.
2. Oversyn over tilbod som eksisterer og å registrere behov.
3. Evaluere/ vurdere og prioritere.
4. Utarbeide handlingsprogram for 4-årsperioden.

Kommunestyret er ansvarlege for å leie kommuneplanarbeidet. Administrativt ansvar ligg hjå rådmannen.

1.2.2 Minstekrav

Kultur- og kyrkjedepartementet har følgjande minstekrav til innhaldet i planen:

- Målsetjing for kommunen si satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Målsetjing for anleggsutbygging og arealsikring for idrett og friluftsliv.
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversyn.
- Analyse av lang- og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet.
- Det skal gjerast greie for samanhangen med andre planar i kommunen.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av dei anlegga vi har og dei som er planlagde.
- Upprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.
- Relevante kart som syner lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde.

1.3 Mål

Målet med planprosessen er å få ei reell vurdering av kva idrettsanlegg/ friluftsanlegg vi har trong for, og at dei kommunale og fylkeskommunale planane blir gode styringsverktøy for anleggsutbygginga. Eit av krava frå kultur- og kyrkedepartementet er at planen ikkje berre skal vere ein *anleggsplan*, men også gje føringar for kommunen sitt engasjement i arbeidet for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

1.4 Behovsanalyse

Ei behovsanalyse vil vere eit viktig grunnlag når utbygging av anlegg skal prioriterast. I dei høve det er trong for kommunal (økonomisk) medverknad må prioriteringslista også vere nær knytt til Hornindal kommune sin økonomiplan og budsjett. Spørsmål/ innspel frå innbyggjarane skal vere ein del av denne behovsanalysen.

1.5 Fylkeskommune/ stat sine overordna mål

1.5.1 Fylkeskommunen sitt overordna mål

Arbeide for at alle innbyggjarar kan drive fysisk aktivitet etter eigne ønskje og føresetnadar, på ålment tilgjengelege område, i naturen og elles i anlegg som er lagde til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur.” (Fylkesdelplan 2006-2009)

1.6 Føremål med planen

- Politisk styringsreiskap for å legge til rette for idrett og fysisk aktivitet.
- Oppnå betre plan- og målstyrt utbygging av anlegg.
- Sikre naudsynt areal for nærmiljøanlegg, idrettsaktivitetar og friluftsliv.
- Følgje opp konsekvensar for areal og anlegg ut frå rikspolitiske retningslinjer (RPR) for born og unge.
- Legge til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet/ idrett ved å etablere uformelle møteplassar / sosiale arenaer for ungdom i tilknytning til idrettsanlegg/ nærmiljøanlegg.
- Etablere nærmiljøanlegg i tilknytning til skular/ bustadfelt. Legge til rette for god drift og vedlikehald av anlegg og område for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Betre kunnskapen om fysisk aktivitet/ aktivitetsnivå og behov for anlegg/ område



Badestranda ved Gro-bygget/Smia

2 DEFINISJONAR / KLARGJERING

2.1 Omgrep

Vi har henta omgrepsforklaringar frå Kulturdepartementet sin vegleiar *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet V-0798* (nov. 2000)

2.1.1 Idrett

Med idrett forstås ein aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

2.1.2 Fysisk aktivitet

Med fysisk aktivitet forstås ein eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, medrekna friluftsliv og leikeprega aktivitetar.



2.1.3 Friluftsliv

Miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøendring og naturopplevingar. Kultur- og kyrkjedepartementet har valt å la friluftsliv inngå i omgrepet *fysisk aktivitet*.

Bålplassen i Hornindal barnehage

I nemnde St. meld. Nr 39, står denne innleiinga om friluftsliv:

Gjeldande friluftslivspolitikkk legg til grunn at friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Målsetjinga er å fremje det enkle friluftslivet – for alle, i dagleglivet og i harmoni med naturen. Friluftslivspolitikken legg hovudvekta på ein kjerne av ikkje konkurranseprega, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar som går føre seg på allment tilgjengelege, naturprega område.

2.2 Idrettsanlegg

I spelemiddelfordelinga opererer departementet med følgjande klassifisering av idrettsanlegg:

- Nærmiljøanlegg
- Ordinære anlegg
- Nasjonale anlegg

2.2.1 Nærmiljøanlegg

Anlegg eller område tilrettelagd for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg plassert i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Anlegga eller områda skal vere fritt ålment tilgjengelege for eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for born og ungdom, men også for innbyggjarane elles. Nærmiljøanlegga kan plasserast i tilknytning til skule- eller idrettsanlegg. Nærmiljøanlegg skal ikkje utformast for å dekke behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinær konkurranseidrett.

Til desse anlegga blir det gjeve tilskot på 50% av godkjend kostnad med maksimalt beløp på 200 000 kr. Nedre kostnadsramme er 80 000 kr. Eit større nærmiljøanlegg kan delast i utbyggingstrinn, slik at ein kan søkje om tilskot inntil tre gongar på same anlegg.



Skulen og idrettsparken i Hornindal

2.2.2 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg

Anlegg med ein godkjend kostnad inntil 80 000 kr. Det vert gjeve tilskot med inntil 50% av godkjend kostnad, avgrensa oppover til 40 000 kr. Nedre kostnadsramme er 20 000 kr. Anlegget treng ikkje vere med i handlingsprogrammet som følgjer kommunalplanen. Søknad kan sendast heile året, og det er kort sakshandsamingstid. Søknad skal sendast på same måte som andre søknadar om spelemidlar, via kommunen til fylkeskommunen.

2.2.3 Ordinære anlegg

Eit anlegg som har rett til stønad, er nært knytt til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten. Dei tekniske krava til mål og utforming av anlegga tek utgangspunkt i konkurransereglane til det einskilde særforbund.

Helsesportsanlegg, rehabilitering og ombygging av eldre anlegg for å gjere desse tilgjengelege for funksjonshemma, er innlemma i ordinære anlegg. Anlegg for friluftsliv i fjellet er ein del av dei ordinære anlegga.

Hovudregelen er tilskot på 1/3 av godkjent kostnadsoverslag, med maksimalt tilskot på 700 000 kr. Ut over dette gjeld særskilte tilskotsreglar for interkommunale idrettsanlegg, for anlegg ut frå geografisk plassering, fleirbrukshallar, fotball- og friidrettsanlegg, friluftslivsanlegg m.fl. (Jfr. V-0732 N – om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2008).

Etter hovudregelen vil Hornindal få eit tillegg på 10% på ordinært tilskot til bygging av ”små fleirbrukshallar og små symjehallar”. For å gjere eldre idrettsanlegg tilgjengelege for funksjonshemma vert det gjeve tilskot med 50% av godkjend kostnadsoverslag til ombygging – inntil kr. 700 000,-

2.2.4 Nasjonale anlegg

Idrettsanlegg som stettar tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante nasjonale meisterskap og konkurransar.

2.3 Friluftslivområde, friområde og friluftslivanlegg

Omgrepet *friluftsliv*- og *friområde* blir ofte nytta som fellesomgrep på store grønne område som er tilgjengelege for alle.

2.3.1 Friluftsområde



Store, oftast uregulerte område som i hovudsak er i privat eige, og som vert omfatta av allemannsretten. Det er ikkje krav om parkmessig opparbeiding, berre tilrettelegging for bruk. Områda vert nytta til turliv, jakt, fiske, fysisk aktivitet og trening. I kommuneplanen sin arealdel er friluftsområda oftast vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (NLF-område). I reguleringsplanssamanheng kan friluftsområde avsettast til spesialområde for friluftsliv.

2.3.2 Friområde

Avgrensa område der det er spesielt tilrettelagt og opparbeidd for at ålmenta uhindra kan få rekreasjon og opphald. Områda er vanlegvis skaffa, opparbeidd og vedlikehaldne av kommunen, og kan vere parkanlegg, turvegar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar. Inngrepsfrie naturområde i nærmiljøet, t.d. kollar, sletter og bakkar, kan også bli definerte som friområde. I arealdelen til kommuneplanen innanfor regulert område, er friområde ein eigen kategori.

2.3.3 Friluftslivanlegg i fjellet

Tilskot til anlegg for friluftsliv i fjellet, kan gjevast til foreiningar som er tilslutta Den Norske Turistforeining (DNT), samt foreiningar med tilsvarende føremål som DNT. For samanslutningar som ikkje er tilslutta DNT, skal vedtektene godkjennast på førehand av departementet.

2.3.4 Friluftslivsanlegg

Anlegg som legg til rette for friluftsliv. Døme kan vere turvegar, brygger, bruer, kart, baderampar, toalett, søppelkassar og parkeringsplassar.

3 MÅLSETTING FOR HORNINDAL KOMMUNE

3.1 Overordna mål

Kommunen skal arbeide for å leggje tilhøva til rette slik at innbyggjarane og tilreisande kan få høve til å drive leik, idrett og friluftsliv etter ynske, behov og evner i rimeleg nærleik til der dei bur.

3.1.1 Mål for idrettsarbeidet.

- Kommunen vil gjennom rådgjeving, planlegging og økonomisk medverknad arbeide for å få betra rammevilkåra til idrettslaga. Det kan skje ved å hjelpe lag og foreningar med å realisere idrettsanlegg slik at dei stettar dei reelle behova i lokalsamfunnet
- Kommunen vil yte tilskot til drift, instruktør- og leiaropplæring i idrettslag og andre organisasjonar som har idrett på programmet. Tilskot til aktivitetar som kan vere eit tilbod til flest mogleg, bør ha høg prioritet.
- Det skal arbeidast for å betre utnyttinga av anlegg som ikkje tilfredsstillar krava til universell utforming (vurdert ut frå endra føresetnader med omsyn til målgruppe, fleirbruk, driftsøkonomi m m). I samband med dette, kan rehabilitering av anlegg vere eit mål.
- Medverke til auka forståing for fysisk aktivitet som eit viktig verkemiddel for betre helse og auka trivsel.
- Vere med og utvikle inkluderande og trygge miljø med varierende aktivitetstilbod.
- Hornindal kommune skal arbeide for å legge til rette for idretten slik at reiselivet kan tilby idrettsaktivitetar som ein del av tilbodet.

3.1.2 Mål for fysisk aktivitet/ friluftsliv

- Anlegg for friluftsliv skal vere enkle og mest mulig naturtilpassa, utan for store fysiske inngrep. Kommunen si viktigaste oppgåve er å sikre brukarane god tilkomst til attraktive område - gjennom arealplanarbeid, ved bruksavtalar eller innløyning av område av særleg stor verdi for ålmenta, og ved å opparbeide parkeringsareal og merke og skilte vegar/ stiar.
- Sti- og løypenettet i utmarka, skal gjerast lettare tilgjengeleg for folk flest gjennom informasjonstiltak, -merking og opprusting. Tilrettelegginga skal ta utgangspunkt i naturlege tilhøve og tilpassast aktivitetsnivået. Reiselivet må også kunne tilby dette, evt også ta del i kostnadene med tilrettelegging og vedlikehald.
- Legge til rette for fysisk aktivitet i barnehage, skule og på arbeidsplass.
- Få til samspel mellom offentlege, private og frivillige verksemder om utvikling og innsats for fremjing av fysisk aktivitet.
- I samarbeid med lag og organisasjonar, planlegge og sette i verk tiltak for å auke folk si oppleving av natur- og friluftsliv.
- Arbeide for å ta vare på verdfulle kulturlandskap og naturområd i kommunen, slik at dei kan nyttast til friluftsområde også i framtida.
- Bruke friluftsliv aktivt for å betre helse og trivsel, og for å auke identitetskjenning hjå innbyggjarane.

3.1.3 Utbyggings- og tilretteleggingsmål, anlegg og område

- Områda/ anlegga skal vere lett tilgjengelege, og i størst mogleg grad tilrettelagt for alle brukargrupper (universell utforming)
- Det skal setjast krav til estetisk og miljømessig utforming av anlegg både ordinære idrettsanlegg og friluftslivsanlegg.
- For å få høg utnytting og for å skape arenaer for gode miljø, skal det leggjast vekt på *sambruk* :
 - mellom ulike brukargrupper
 - mellom fleire idrettsaktivitetar
 - mellom idrett, friluftsliv og andre aktivitetar
- Ansvar for utbygging, drift og vedlikehald skal vere klart definert.
- Legge til rette for uorganisert/ eigenorganisert aktivitet, spesielt med tanke på å gjere fleire aktive.



4 RESULTATVURDERING - PLANEN FRÅ FØREGÅANDE PERIODE – NO-SITUASJON.

4.1 Planen som styringsreiskap



Postvegen i Skavikja

Arealdelen til kommuneplanen er den overordna planen for arealbruken i kommunen, og inneheld dei viktigaste kontaktpunkta mot kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Tidlegare har dei politiske vedtaka i stor grad fokusert på kapittel 9 i planen - *Prioritert handlingsprogram for anlegg og aktivitet i Hornindal kommune*, og dette har resultert i at andre delar av planen har vorte lagt mindre vekt på.

Skal planen bli det styringsdokument han er tenkt å vere må alle sider av planen takast med i vurderinga av vedlikehald og utbygging av nærmiljøanlegg, idrettsanlegg og anlegg innafør opparbeidde friområde, samt tilrettelegging for bruk av friluftsområde.

Handlingsprogrammet har derimot vore gjenstand for årleg rullering, noko som har resultert i endra på prioriteringar, eller at tiltak har vorte teke ut av planen. I perioden 2004 – 2007 har det vore søkt om spemidlar til - og gjennomført følgjande tiltak :

- Opprusting Dølheim, Hornindal ungdomslag
- Nærmiljøanlegg Grodås sentrum
- Garasje/ reiskapshus Hornindal skisenter
- Trondhjemske postvei parsell Storebru - Dalebrua

- Skiskyttararena, standplass, gapahuk
- Rydda den gamle vegen rundt Kjøshammaren
- Gapahuk og fiskeplass ved skulen – universell utforming

Handlingsprogrammet ber preg av å vere noko optimistisk i høve til kva som er realiserbart innafor planperioden. Grunnane til dette kan vere fleire, men mindre overføring av spelemidlar til anlegg i fylket er ei av årsakene.

Når det gjeld tilskotsordninga til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg har dette vore ei svært nyttig ordning. Dette har gjort det mogeleg å byggje ut mindre anlegg, som igjen har resultert i at nye brukargrupper har fått tilgang til aktivitet i sitt nærmiljø.

5 SPELEMIDLAR - SØKNADSGRUPPER OG TILSKOTS-ORDNINGAR

Reglar for søknad om tilskot m.m. går fram av Kultur- og kyrkjedepartementet sine føresegner [V-0732 B](#) – *Om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2008*. Føresegna inneheld nærare orientering om statlege krav, søknadsfristar, krav til søkjar, storleiken på tilskot m.m. Der ligg også reglar for kommunal og fylkeskommunal sakshandsaming, samt klagehandsaming. Frå og med 2009 skal **alle** søknader vera elektronisk. Sjå nettsida www.idrettsanlegg.no, eller ta kontakt med kommunen.

5.1 Ordinære anlegg

Hovudregelen er tilskot på 1/3 av godkjent kostnadsoverslag, avgrensa oppover til kr. 700.000,-. Det kan søkjast om ekstra tilskot på inntil 20% av ordinær tilskotssats til større interkommunale idrettsanlegg dersom vilkårskrava er oppfølge. For å gjere eldre idrettsanlegg tilgjengelege for funksjonshemma, vert det gjeve tilskot – med inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag til ombygging av anlegget. Maksimal tilskot : kr. 700.000,-

5.2 Fastsette søknadssummar for ein del ordinære idrettsanlegg

For ei rekkje ordinære idrettsanlegg er maksimalt tilskot > kr. 700.000, alt etter type anlegg. Grunnregelen er likevel at tilskotet ikkje skal utgjere meir enn 1/3 av godkjent kostnad. Jfr. [V-0732 B](#).

5.3 Nærmiljøanlegg

Ordinære nærmiljøanlegg kan få tilskot med inntil 50% av godkjent kostnad, avgrensa av eit maksimalt tilskot på 200.000,-. Nedre tilskot er kr. 80.000,-. Eit større nærmiljøanlegg kan delast i byggjestege, slik at det kan søkjast om tilskot opptil tre gongar på same anlegget. Maksimalt tilskot : kr. 600.000,-.

5.4 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg

Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg kan få tilskot på 50% av godkjend kostnad, avgrensa oppover til 80.000 kr. - med maksimalt tilskot på 40.000 kroner.

Nedre kostnadsramme er 20.000 kroner. Anlegget treng ikkje vere med i handlingsprogrammet som følgjer planen. Ein kan søkje om midlar heile året, og det er kort handsamingstid i fylkeskommunen. Søknaden skal på same måten som andre søknader, sendast om kommunen til fylkeskommunen

5.5 Friluftsanlegg i fjellet

Søkjjarar om tilskot til anlegg for friluftsliv i fjellet kan vere foreiningar som er tilslutta Den norske turistforeining (DNT) i tillegg til foreiningar med tilsvarande føremål som DNT. Slike tiltak kan frå 1/3 – 1/2 av godkjent kostnad, men også her med maksimalgrenser etter type anlegg.

5.6 Lokale og regionale kulturbygg

Tilskot til lokale og regionale kulturbygg (Kultur- og kyrkjedepartementet) kan gjevast som investeringstilskot, og nyttast til nybygg, ombygging og modernisering/rehabilitering av kulturhus. Det kan også gjevast tilskot til utstillingslokale og øvingslokale for ulike kulturaktivitetar. Det vert ikkje gjeve tilskot til vanleg vedlikehald og drift. Tilskotet kan utgjere 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturhuset. Ved samlokalisering med andre føremål, skal det gjerast ei kostnadsdeling av fellesareal og sambruksareal. Minste stønads sum er kr. 60.000. Søknader skal sendast om kommunen til fylkeskommunen. Søknadsfristen til fylkeskommunen er **1.april**.

5.7 Andre tilskot (ikkje spelemidlar)

Tiltak som fremjar fysisk fostring, men som ikkje fell inn under reglane for spelemidlar kan likevel få statlege tilskotsmidlar. Eksempel på dette er følgjande tilskot frå Miljøverndep. :

- Tilskot til naturforvaltningstiltak
- Tilskot til friluftslivsaktivitet
- Tilskot til kulturminnetiltak
- Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle

Også midlar til tiltak i kulturlandskapet (SMIL-midlar), for eksempel tilskot til rydding av stiar vil kome friluftslivet til gode. Midlane vert fordelt av kommunen.

6 UTVIKLINGSTREKK - FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE I HORNINDAL KOMMUNE

Sjølv om fødselstala går nedover også i Hornindal kommune har folketalet vore relativt stabilt over fleire år. Dette skuldast positiv flyttebalanse, dvs. at det flyttar fleire til kommunen enn frå kommunen. I 2007 utgjorde nettoinnflyttinga til kommunen 8 personar, og av dette igjen utgjorde nettoinnflyttinga frå utlandet 2 personar. (Berre 10 av 26 kommunar i fylket hadde positiv nettoinnflytting i 2007, og av desse hadde 8 kommunar positiv innflytting som følgje av utanlandsk innvandring).

6.1 Statistikk og fakta om fysisk aktivitet og folkehelse i Noreg

Fysisk aktivitet er ei kjelde til trivsel og god helse. Fysisk aktivitet er viktig for veksten og den motoriske utviklinga til borna. I tillegg er lek med andre born viktig for den sosiale og emosjonelle utviklinga. For vaksne og eldre kan fysisk aktivitet vere ei kjelde til avkopling, sosialt samvere, meistringskjensle og ikkje minst å førebyggje plager, og gleda over å vere i god fysisk form.

Vaksne og friske eldre vert tilrådde å vere i fysisk aktivitet i minst 30 minuttar kvar dag med moderat til høg intensitet. Born og unge vert tilrådde å vere i aktivitet minst 60 minuttar kvar dag, og aktiviteten bør ha både moderat og høg intensitet.

Same kva organiseringsform som vert nytta, er hovudmotivet for å trene - å kome i betre fysisk form. Dette gjeld både kvinner og menn. Folk som trenar i idrettslag, legg meir vekt på sosialt samvere enn dei som trener på treningssenter. Yting og prestasjon er viktige for dei som trenar i idrettslag.

Talet på born og unge som trenar i idrettslag minkar. Det er fleire gutar enn jenter som trenar eller konkurrerer i idrettslag, men tendensen er minkande for begge kjønn. Vaksne som driv fysisk aktivitet/ trening gjer det no meir på eiga hand eller i treningssenter - framfor i idrettslag.

Laga kan og søkje om førebyggjande midlar til fysisk aktivitet gjennom Vardar for folkehelse.

6.2 Fysisk aktivitet i Hornindal kommune

Medlemstala i idrettslag og skyttarlag (sjå tabell under pkt. 4.3) gjev eit bilete av aktivitetsnivået i kommunen, og sjølv om enkelte lag har nedgang i medlemstala kan dei vise til auka aktivitet. Den organiserte idretten har for tida størst aktivitet innafor fotball, volleyball, skiskyting, langrenn, hopp og orientering. Saman med trim (fjellturar m.m.), friidrett, sykling, skyting, dans, akrobatikk, linedans m.fl. er dette aktivitetar som er svært viktige for folkehelsa og det sosiale liv i kommunen.

Mange friluftinteresserte er organisert gjennom Indre Nordfjord turlag (INT), ein organisasjon som arbeider for at medlemar og andre turinteresserte skal få mange og gode turopplevingar. Organisasjonen er såleis ein viktig bidragsytar i folkehelsearbeidet i kommunen. Turlaget si heimeside: www.turlaget.no

Gruppa 55+ aukar også i Hornindal kommune, og fysisk aktivitet er god investering i førebyggjande helsearbeid også for denne gruppa. Det er difor viktig å legge til rette for aktivitet knytt til nærmiljøet, arbeidsplassen, o.a. møteplassar for fysiske aktivitetar. Gruppa 55+ har m.a. tilbod om aktivitet på Lødemel treningssenter, "Ryggskulen", dansekveldar med "Tysdagssvetten" i ungdomshuset Skogstjerna i Markane (vaksne frå Hornindal, Stryn og Eid svingar seg i gammaldans), organisert stavgang til ulike turmål, m.m. Viktigaste tiltaket for denne gruppa er likevel kanskje tilrettelegging for fysisk aktivitet innafor ordinær arbeidstid.

6.3 Fysisk aktivitet blant funksjonshemma, eldre og andre med nedsett funksjonsevne.

Gjennom ulike aktivitetar på dagtid vert det lagt til rette for at funksjonshemma, folk med psykiske lidningar, eldre o.a. med redusert funksjonsevne kan ta del i fysisk fostring. Dette kan

omfatte ulike aktivitetar ved dagsenteret, tenester som kommunen kjøper hjå Stryn arbeidssenter, dans i Stryn kulturhus, treningstilbod på AMFI-senteret i Stryn, aktivitetar på Nordfjord Fritidssenter m.m.

Med krav om universell utforming av bygningar og anlegg som er tilgjengeleg for ålmenta vil desse gruppene lettare kunne bruke idrettsanlegg o.a. anlegg som fremjar fysisk fostring. Eksempel på dett er den nye miniatyrskytebana til Hornindal skyttarlag og fiskeplassen ved Hornindal skule.

6.4 Fysisk aktivitet blant innvandrarar

Hornindal kommune ynskjer å leggje til rette for at alle innbyggjarar kan utøve fysisk aktivitet, enten dette skjer innfor etablerte lag og organisasjonar - eller utanfor. For at innvandrarar skal føle seg velkomne er det viktig at dei som ynskjer det kan få tilbod om særskild oppfølging, og gjennom kulturmidlane blir eksisterande lag og organisasjonar stimulert til å skape særskilde tiltak – og integrere grupper i sine tilbod. I dette arbeidet har også frivilligsentralen eit viktig ansvar.

6.5 Frivillig innsats

Det frivillige arbeidet er viktigaste innsatsfaktoren i idretts- og organisasjonslivet i kommunen, og mange brukar svært mykje av fritida si i slikt arbeid. Dei stiller til dugnad ved fleire høve, og det synest som om det er dei med frivillig dugnadserfaring som lettast seier ja når dei vert spurde. Desse personane ser verdien av å leggje til rette for andre, gjennom å oppretthalde/ betre tilbodet for utøvarane, og skape arenaer for trygge sosiale nettverk.

Denne innsatsen er heilt avgjerande for å skape og oppretthalde aktivitetsnivået, og for å halde på "eldsjelene" er det viktig at dei ytre rammene vert lagt til rette på best mogeleg måte. Dette kan m.a. skje ved å etablere gode trenings- og konkurransetilhøve for alle, og leggje til rette for effektivt og godt vedlikehald av anlegga. Vidare er det viktig å leggje ambisjonane på eit nivå som er mogeleg å handtere/ gjennomføre ut frå rådande føresetnader. Dette inneber m.a. at drifta av anlegga ikkje må leggje beslag på så store menneskelege ressursar – at det går ut over aktiviteten (idretten/ friluftslivet). I så fall har ein bomma litt på målet, både i høve til idretten og folkehelsa.

M.o.t. utdanning kan kommunen gje støtte til kompetanseheving gjennom kulturmidlane. Dette kjem i tillegg til opplæringa som skjer i egne lag, men kommunale midlar kan gjere det økonomisk enklare å gjennomføre kurs, samtidig som det kan vere med å auke interessa for å ta trenarkurs m.m.

Dugnadsarbeidet dannar berebjelken både under anleggsoppbygginga og i driftsfasen, og aktiviteten i idrettslag o.a. lag og organisasjonar vil også i framtida vere avhengig av frivillig innsats og engasjerte bygdefolk. Alle vert difor oppmoda om å delta i dette arbeidet, slik at ansvar og oppgåver kan delast på fleire.

7. STATUS

7.1 Idrettsanlegg

- **Hornindal stadion (gamlebana).**
Eigar: Hornindal idrettslag.
Grasbane 105 * 60, bygt 1969-72.
- **Hornindal Idrettspark.**
Eigar: Hornindal Idrettslag.
Grasbane 100 * 65 m. Treningsfelt kunststoff 35 * 81 m. 6 * 400 m rundbane kunststoff. 6 * 100m sprintbane. 110 m hekk. Sektorar for hopp, kast og hinderbane. Badminton-, handball-, og tennisbane på kunststoffdekket.
Byggeår 1984-1988.
- **Strandvolleyballbane.**
På Grodås har volleyballgruppa bygt opp ei strandvolleyballbane på privat grunn. Vil truleg gå inn som ein del av strandsoneplanen for Grodås sentrum. Nyttå også som nærmiljøanlegg.
Treningsstudio i tidlegare Lødemel skule.
- **Hornindal skule - gymsal.**
Eigar: Hornindal kommune.
Sal på 20 * 10 m. To garderober/dusjanlegg.
Mykje nytta av ulike grupper/mosjonsparti. Byggeår 1972-74.

7.2 Skytebaner

Hornindal skyttarlag har ikkje eige utandørsanlegg, men i løpet av januar månad 2009 vil innandørs miniatyrskytebane stå ferdig i eit kommunalt fleirbruksbygg på Ytrehorn. Elles har Hornindal skyttarlag etablert samarbeid med Markane skyttarlag.

7.3 Langrenn/skiskyting/hopp

- **Hoppbakkane på Seljeset.**
Eigar: Hornindal idrettslag.
Tre hoppbakkar m/lys i ulike storleikar. Den største på ca.40 m. Byggeår 1965/66, seinare ombygde.
- **"Siklebakken".**
Eigar: Hornindal idrettslag.
Hoppbakke på Espe, ca. 60 m. Lite nytta i dag. Byggeår 1932-1934, seinare utbetra.
- **Hornindal Skisenter A/S.**
Utbygt lysløype, 3 km for langrenn og skiskyting i Grendadalen.
Arena for skiskyting med standplass og 10 skiver. Har fått spelemidlar i 2004.

7.4 Alpinanlegg

- **Hornindal Skisenter A/S.**
Barneskitrekk – 450 m med fleire løyper for nedkøyring.
- **O-kartet "Hornindal Sør".**
Eigar: Hornindal idrettslag.
Kart på Ca. 6 km² i området frå Kirkhorn til Taraldset.
Målestokk 1:15.000. Utarbeidd 1975. Justert 1990.
- **O-kartet "Maurset".**
Eigar: Markane idrettslag.
Ca. 8 km². Målestokk 1:15.000.
Utarbeidd 1985-87.

7.5 Andre anlegg

- **Kjellaren i tidlegare Lødemel skule.**
Ombygd til privat treningsstudio.
 - **Hornindal skule - "Det opne rom".**
3 km lang trimløype i tilknytning til skule og idrettsanlegg. Grill og peis med tumleplass og sitteplassar. Byggeår 1994-95.
Skileikområde, bygt i 2001 i den gamle Prestegardshagen.
Ballbinge, bygt som nærmiljøanlegg i 2001/2002 i tilknytning utearealet på skulen
Nærmiljøområde, bygt i 2002-2003.
 - **Friluftsområde.**
Naturen i Hornindal innbyr til variert og aktivt friluftsliv. Her fins gode tilhøve for fjellturar, klatring, båtturar, sykkelurar, skiturar, jakt- og fisketurar m.m. Likevel har vi utfordringar med å leggje til rette for auka bruk og aktivitet. Frå nasjonalt hald er det sett på som ei kommunal oppgåve å få folk aktive, og i arealdelen til kommuneplanen er mesteparten av areala i kommunen lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Innafor desse er følgjande område peika på som lokalt og regionalt viktige :
 - D1 Friluftsdområdet ved Skjærneset
 - D2 Hamnen
 - D3 Lønnsøyane
 - D4 Sårbart område i Grendadalen
 - D5 Sårbart område ved Hornindalssetra
 - D6 Terdalen og Knutsdalen
 - D7 Hornindalsvatnet
- Ut over desse er Vikasetra, Kyrkjhornsdalen, Middagsfjellet, Ytrehornsnakken, m.fl. område som blir mykje brukt for utøving av friluftsliv i kommunen.
- **Merka turstiar**
 - Grøddesetra - Middagsfjellet
 - Grøddesetra - Småskåra - Gulekoppen
 - Kirkhornsbakkane - K.dalen - Botnagavlen - Gulekoppen
 - Løddøen - Lønnssetra - Setrehornet - Botnagavlen - Gulekoppen

- Taraldset - Holskarsetra - Holskarvatnet - Gulekoppen
- Taraldset - Tomasgardsetra - Dauremålhornet
- Sandgrova - Dauremålhornet
- Ytrehorn - Ytrehornsnakken - Gløvrefjellet - Kviven - Demmene - Storesetra
- Lillestøl - Lillestølsetra - Kviven
- Storesetra- Høgenibba –Kviven-Otterdalsskardet
- Hyttevatnet i Hjortedalen - Nedste Tussevatnet -Sandfjellet – Hjortedalen
- Blåvatnet - Honndalsrokken
- Otterdal – Otterdalsetra – Otterdalsskardet

Det er merka stiar til 20 trimpostar, og i samarbeid med næringslaget og trimgruppa i Hornindal idrettslag har kommunen dei siste åra halde ved like rydda og merka turstiar.

IDRETTSLAG

Hornindal idrettslag, trimgruppa

TAL BESØK PÅ TRIMPOSTANE

20 postar : 15 795 besøk. Noko mindre enn året før. (Mykje ruskever)

”Fjelltrimmen”, ”Supertrimmen” og ”Trim for alle” (med trivelege turmål i låglandet) har ført mange ut i skog og mark, og til fjelltoppar, og desse tilboda har vorte populære blant svært mange, ikkje minst blant barnefamiljar.

Hornindal utviklingslag har elles som målsetjing å merke/ rydde ein gammal sti/veg kvart år.

• **Turstiar i følgjande område står att å merke:**

- Knutsdalen
- Kjøs-området.
- Merking langs elvar og vatn i Hornindalsvassdraget



I fylkesdelplanen for friluftsliv er grenseområda mot Møre - Honndalen/ Honndalslia/ Terdalen og Den Trondhjemske Postveg teke med som område av regional interesse. (Etter at postvegen frå Skavikja (Svor) – til Kjøsahalsen vart rusta opp er det svært mange som brukar å gå tur frå Svor til Kongsvik, og vidare på gamlevegen rundt Skjærneset og Kjøsahammaren.

Grendadalen/ Hjortedalen er det mest nytta utfartsområdet både sommar og vinter. Lett tilkomst til dei vide setredalane, lagleg terreng og mange fine fjelltoppar i området legg grunnlaget for stor trafikk.

Området er så pass attraktivt at det bør vurderast å ta det med i fylkesfriluftslivplanen som turområde sommar/ vinter av regional interesse.

Inn til mange av dei mest attraktive fjelldalane går det bilvegar, og dette lettar tilkomsten for eldre folk og andre som har nedsett funksjonsevne. I vinterhalvåret tilbyr Hornindal Røde Kors Hjelpekorps transport fram til hytter og sel, for dei som har trong for det. Elles har idrettslaget sine oppkøyde skiløyper i Grendadalen god effekt - for å få folk ut i vinterhalvåret.

Folk frå Hornindal nyttar også grenseområda mot Stryn kommune (Ullsheim) og Stranda kommune (Terdalen) som friluftsområde, særleg vinterstid.

For å ta vare på mangfaldet og kvalitetane i område som er viktige for friluftslivet i kommunen er det viktig:

- å unngå at dei mest brukte og best eigna friluftslivområda vert øydelagde eller oppstykkja av ymse utbygging og tiltak.
- å leggje til rette for aktiv bruk av friluftsområda – utan at dette fører til nedsarving av områda.
- å unngå at turstiar og kulturlandskap gror att.

- **Dans**

Hornindal danseverkstad for born og ungdom er med i fylkesprosjektet ”Dans utan grenser”. 25 medlemar. Elles har ei seniordansegruppe ca. 30 medlemar.

- **Leikeområde.**

I bustadområda Nyland og Kyrkjhornsbakkane er det opparbeidd leikeareal/ balløkker i samarbeid mellom kommunen og velforeiningane i dei respektive områda. Etter initiativ av foreldre er det også opparbeidd og utstyrt mindre leikeplassar i ulike grender, m.a. i Haugen/Hjellbakkområdet og i Tytebærhaugen (nærmiljøanlegg).

For alle born i skulepliktig alder er det viktig å ha eit allsidig aktivitetstilbod ved Hornindal skule. Det er etablert samarbeid mellom idrettslaget og skulen om bruk av Hornindal idrettspark - til uteområde, lek og idrett. I tillegg til er det bygt nærmiljøanlegg (skileik og /ballbinge på – og like ved skuleområdet).

Hornindal barnehage har også eit stort og innhaldsrikt uteområde, og i framtida tek barnehagen sikte på å opne meir for born og foreldre utanom barnehagetida.

- **Diverse aktivitetstilbod, anlegg, turområde.**

- Skogsvegane : I tillegg til fjelldalane vert også skogsvegane mykje nytta i friluftssamanheng.
- Riding : I Nye Fannemel stall og på Maurset (privat) har riding vorte eit attraktivt og mykje nytta tilbod for born, ungdom og vaksne. Særleg mange jenter bukar dette tilbodet.
- Grodås sentrum har fleire verdfulle aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, m.a. badeplass/ solplass, stupetårn, sandvolleyball og eit leikeområde aust i sentrum.
- FYK-prosjektet – samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen og frivillige organisasjonar - legg opp til auka aktivitet blant uorganisert ungdom.
- Turkart : Turkart for Hornindal vart ferdig i 2002
- Hornindalsvassdraget : er varig verna mot utbygging, og vatnet og elvane er mykje nytta til rekreasjon, både i form av båtturar, bading og fiske. Hornindal grunneigarlag/grunneigarar legg tilhøva godt til rette for brukarar av vatna, elvane og utmarksområda i kommunen. Ved Hyttevatnet i Hjortedalen er elva demd opp, fisk vil bli utsett og det er opparbeidd tilkomst og fiskeplattung for rullestolbrukarar. Tilsvarande tilkomst og fiskeplass er opparbeidd ved skulen.



- Tilrettelegging av fiskestiar, fiskeplassar, gapahukar, badeplassar, m.m. fremjar bruken av utmarksressursane i kommunen, og det resulterer i eit meir aktivt friluftsliv for folk flest.

Hyttevatnet i Hjortedalen

7.6 Interkommunale idrettsanlegg

På Svarstad i Stryn kommune ligg ein ny motorcrossbane som opna i 2006. Banen er open for born, unge og vaksne og har hatt stor aktivitet sidan opninga. Anlegget er det einaste i Nordfjord og publikum frå heile regionen nyttar tilbodet. For at dette anlegget og andre skal få status som interkommunalt anlegg må det utarbeidast skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar om drift og investering. Avtalen må ha følgjande element:

- Kvar kommune går inn med minst 5% av godkjend kostnad. Dette må dokumenterast
- Det vert krav om skriftleg driftsavtale på minimum 20 år der kommunar som er med forpliktar seg til å bidra økonomisk til drifta. Bidraget må vere i samsvar med kommunen sitt bidrag etter første punktet.

Kultur- og kyrkjedepartementet godkjenner om anlegg oppfyller vilkåra ovanfor.

Kommunane i Nordfjord har ikkje diskutert eller gjort avtalar om kva anlegg i regionen som skal ha status som regionanlegg, men i idretts- og friluftsplana for Hornindal kommune vert likevel motorcrossbanen på Svarstad teken med - som mogeleg regionalt anlegg.

7.7 Kulturbygg

Det er sett av midlar til kulturbygg av spelemiddeloverskotet. I Hornindal er det planlagt fleirbrukshall.

8 INNSPEL TIL PLANARBEIDET.

8.1 Trong for anlegg og område

Utbygging av 2 – 3 ”tyngre” idrettsanlegg har stått på handlingsplanen i fleire år, og berre fotballgruppa sitt ynskje om ulike tiltak ved gamlebana (rehabilitering, kiosk/ mindre stadionbygg og grillhus) kom inn i høyringsperioden. Om dette gjenspeglar den reelle trongen for anlegg er meir uvisst, og i planen er det viktig å finne balansen som kan ta vare på flest mogeleg sine ynskje for anlegg/ aktivitet, utan at dette får negative konsekvensar for idrettslag, skyttarlag m.fl. sin økonomi, organisasjon og aktivitet. Heller ikkje må handlingsplanen vere så omfattande at tiltaka ikkje let seg gjennomføre - p.g.a. kommunen sin økonomi.

Status over eksisterande anlegg viser at det innafor kommunen sine grenser er ei rekkje ulike anlegg å vedlikehalde, og trongen for vedlikehald og rehabilitering av desse må heile tida vurderast opp mot trongen for nye anlegg. Eitt av anlegga som treng slik rehabilitering er kunststoffdekket på Hornindal idrettspark. Dette anlegget er 20 år gammalt, og etter Noregs friidrettsforbund (anleggskomitèen) si vurdering treng dekket å rehabiliterast i løpet av få år.

Også trongen for mindre og uformelle anlegg – og nytteverdien av desse - må vurderast opp mot trongen for store og kostnadskrevjande anlegg.

Anlegg som kan brukast av utøvarar frå fleire kommunar vil spare ressursar samla sett for regionen, og i Hornindal er Hornindal idrettspark eit slikt anlegg. Motorsportsanlegget på Svarstad i Stryn kommune er eksempel på eit anlegg utanfor kommunen, som kan dra til seg utøvarar frå m.a. Hornindal.

8.2 Kriteria for utbygging.

- Handlingsplanen må byggje på ei realistisk vurdering av kva som er økonomisk mogeleg å få gjennomført, både med tanke på investering og drift i komande planperiode.
- Det må finnast engasjement, og personar som har reell vilje til å ta på seg oppgåver for å kunne byggje og halde anlegg i gong på dugnadsbasis. I åra framover er slikt dugnadsarbeid avgjerande for å halde opp aktiviteten i dei store anlegga. T.d. gjeld fotball og ski.
- At ein prøver å leggje tilhøva til rette for dei fleste grupper i samfunnet, ikkje berre dei som er i sin mest aktive og friske alder.
- Tilgang til anlegg og område i rimeleg nærleik av der folk bur.
- Handlingsplanen må prioritere tiltak som stettar trongen, ønskemåla frå innbyggjarane, og som kan la seg realisere.

8.3 Nye idrettsanlegg.

Resultatvurderinga frå den føregåande planen viser at det er aktuelt å føre vidare utbygging av Hornindal Skisenter A/S i Grendadalen - i neste planperiode. Utbygginga som har vore gjennomført der siste åra, har gjeve eit tilbod til mange i ulike aldersgrupper. Det har også vore rett å samle flest mogeleg skiaktivitetar på ein stad. Dermed oppnår ein sambruk m.o.t. vegføring, parkeringsplass, tilgong til elektrisk straum, og felles løysingar for vatn, avløp og renovasjon.

- Vidare utbygging av området med varmestove bør vere med i handlingsplanen. Prosjektet kan gjerne gjennomførast i samarbeid med Røde Kors Hjelpekorps. Det er også sterkt ønskeleg å forlengje traseen på skitrekktet - og oppgradere tautrekktet, men det kan vere vanskeleg å få dette med i handlingsplanen 2009 – 2012.

Arealdelen av kommuneplanen tek omsyn til dei tiltak som er nemnde ovanfor og reguleringsplan for området er under arbeid. Denne planen vil også regulere inn hyttefelt i tilgrensande område, noko som på sikt vil kunne styrke driftsgrunnlaget for skisenteret sine aktivitetar.

- Stor fleirbrukshall var sett opp i slutten av føregåande planperiode, og denne prioriteringa er føreslått vidareført for perioden fram mot 2012.

Hallen ligg inne på fylkesdelplanen for idrett og friluftsliv 2006 – 2009, med ei løyving på 3.5 mill. i 2009. Ved rullering av fylkesdelplanen (des. 2007) vart hallen overført til perioden 2010 – 2015. (Symjehall bør integrerast som del av fleirbrukshallen).

- Hornindal Idrettspark er Hornindal idrettslag sin eigedom, og sjølv om HIL søker Hornindal kommune om å overta eigedomsansvaret, og medverke til at det blir lagt kunstgrasdekke på idrettsparken, har kommunestyret per 27.11.2008 ikkje gjort vedtak om å overta anlegget. Rehabilitering av kunststoffdekket bør takast med i lista over uprioriterte anlegg.
- Dersom det vert opna for bruk av spelemidlar til finansiering av utstyr, bør løypeprepareringsmaskin (trakkemaskin) kome med som prosjekt i eit lengre perspektiv. Slikt utstyr er heilt naudsynt å nytte i dag til preparering av løyper, men det er kostbart og vanskeleg å finansiere. Sameleis bør moderne tidtakarutstyr vere aktuelt å ta i bruk på Hornindal idrettspark/Hornindal Skisenter A/S.

8.4 Nærmiljøanlegg.

Det ligg ikkje føre nye konkrete planar om nærmiljøanlegg utover dei som alt er bygde eller som er under bygging. Unntak frå dette er skileikanlegg ved Hornindal Skisenter i Grendadalen. Deler av dette anlegget er opparbeidd med m.a. hoppbakkar. Anlegget bør kome med på handlingsplanen.

Det kan også vere aktuelt å få til enkle nærmiljøanlegg både for Kjøs-området og i Indre Hornindal. Det har til no ikkje kome noko innspel frå grendene om dette, men slike prosjekt kan takast inn ved den årlege rulleringa av planen.

Eit mindre anlegg med lys for ski- /snøaktivitetar kan også vere aktuelt i tilknytning til bustadfeltet i Kirkhornsbakkane. Ein del mindre anlegg for enkeltaktivitetar kan realiserast som mindre kostnadskevjuande anlegg og fell utanfor ramma for denne planen.



8.5 Anlegg og område for friluftsliv.

Dei planlagde endringane – med større grad av tilrettelegging av badestranda v/ Grobygget bør gjennomførast i samsvar med planane frå Flataker Landskap. Like så bør strandpromenaden i sentrum vere aktuell å forlengje slik at heile området frå Storelva til Vikaelva kan knytast saman med gangsti. Også opparbeiding av friområdet langs strandsona på Ytrehorn vil vere eit viktig tilskot for friluftslivet langs vatnet. Det same vil planlagt småbåthamn på Ytrehorn.

Både i kommuneplanen og differensiert forvaltingsplan for Hornindalsvassdraget er det peika på viktige friluftsområde, som i liten grad treng opparbeiding eller tilrettelegging. Områda har kvalitet på grunn av si eigenart, og viktigaste tiltaket blir å hindre at området/ kvaliteten blir nedbygt eller øydelagt på anna måte.

Prosjektet kultur og næring arbeider m.a. med å ta Hornindalsvatnet meir aktivt i bruk. Eit av tiltaka er å restaurere dei gamle historiske bryggene langs vatnet. For Hornindal sin del av vatnet gjeld dette bryggene i Otterdal, Otterdalsnakken (Nakkebryggja) og i Kjøs.

Fiske i elvar og vatn i kommunen er svært attraktivt for mange, og langs Storelva har grunneigarlaget dei siste åra rydda stiar og bygt gapahukar på dei mest nytta fiskestrekningane. Dette er tiltak som er gjennomført ved hjelp av tilskotsmidlar, og grunneigarlaget har planar om å utvide tiltaka ved m.a. ved å merke gode fiskehølar og halde fram ved rydding av nye elvestrekningar.

Stiar og vegar i utmarka er nokre av dei mest nytta ”anlegga” for store grupper av innbyggjarane, og det er viktig at desse er godt rydda og merka. Trimgruppa i idrettslaget og Næringslaget har stått for mykje av dette arbeidet, men det kan også vere ei aktuell oppgåve for elevar i ungdomsskulen, m. a. gjennom prosjektet om fysisk aktivitet og kosthald.

Kvilebenkar utplasserast langs stiar og vegar er populære, særleg blant eldre, og desse tiltaka bør utvidast til også å omfatte strekningar utanfor sentrum. Informasjonsskilt, toalett, søppelkasser og parkeringsplassar er eksempel på andre tiltak som vil kunne auke bruken av dei mest nytta utfartsområda.

Innspelet frå Stryn og Hornindal jeger og sportsfiskarlag m.o.t. skiping av eit friluftsråd vil kunne føre til betre samordning og tilrettelegging av tiltak som fremjar tilgangen til - og bruken av attraktive friluftsområde.

9 AREALSIKRING

For at nye tiltak skal kunne realiserast må det vere sett av areal i kommuneplanen sin arealdel eller i ein reguleringsplan – til det aktuelle anlegget. Dei anlegg som evt. er tenkt bygt på areal som ikkje er avsett til idrettsformål kan difor ikkje realiserast før det er utarbeidd ny plan, eller evt. gjeve dispensasjon frå gjeldande plan. I Hornindal kommune sin arealdel er heile området frå og med Hornindal skule – til grensa mot Ove Bruheim sin eigedom sett av til offentlege bygningar/ anlegg. Utbygging av idrettsanlegg innafor dette området skjer difor i samsvar med gjeldande arealdel. Likevel er det ei stor utfordring å etablere nye tiltak i dette området utan å vurdere arealbruken samla for heile området. Ein samla plan for heile området er viktig for å få vurdert lokaliseringa av dei ulike anlegg i høve til kvarandre, og for å kunne løyse infrastrukturtiltaka på ein tilfredsstillande måte (jfr. plan- og bygningslova sine krav til veg, vatn og kloakk)

Også areal til friluftsområde er sikra gjennom kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplanar. I arealdelen er aktuelle område lagt ut som landbruk, natur og friluftsområde (LNF-område). Denne arealkategorien omfattar store deler av arealet i kommunen, og innafor desse områda kan det etablerast ulike tiltak som fremjar friluftslivet.



For å sikre ålmenta sine interesser kan det i svært sjeldne tilfelle vere aktuelt å løyse inn areal til friluftsførmål, men i dei aller fleste tilfelle vil det vere tilstrekkeleg å sikre tilgjenge – og bruken av området - gjennom avtale med grunneigaren/ grunneigarane.

10 DRIFT OG VEDLIKEHALD

Drift av anlegg for idrett og friluftsliv femner om idrettslege, miljømessige, økonomiske, tekniske og administrative tilhøve og oppgåver. For å kunne løyse desse oppgåvene på best mogeleg måte er viktig at ein alt i planprosessen tenkjer drift, og finn praktiske og klimavenlege løysingar på alt frå val av infrastruktur – til sambruk, materialval, estetikk, reinhald m.m. Dette krev godt gjennomarbeidde planar, samt innsikt og fagkunnskap om slike spørsmål. I tilknytning til søknad om spelemidlar har det siste åra vore fokusert meir på drift og vedlikehald, og på same måte som krav til kostnadsrekning, finansiering og kredittvurdering, vert det no også stilt strenge krav til ein drifts- og vedlikehaldsplan for anlegget. Tiltakshavar/byggherre har ansvaret for anleggsutbygginga, drifta og vedlikehaldet av anlegget, i tillegg til tryggleiken.

10.1 Kommunale anlegg og driftstilskot

Hornindal kommune eig og driftar gymnastikksalen ved skulen. I tillegg har kommunen delansvar for vedlikehald av Hornindal idrettspark, samt ansvar for strandpromenaden i sentrum (Laurapromenaden).

Både Hornindal idrettslag sin vederlagsfrie bruk av gymnastikksalen og brøyting av vegen til Hornindal skisenter er indirekte eit kommunalt tilskot til idrettslege aktivitetar.

Reglane for momskompensasjon, og større og meir ”profesjonelle” anlegg kan resultere i ønskje om sterkare kommunal medverknad i samband med utbygging av idrettsanlegg i framtida. Eksempel på dette er brevet frå nemnda for kunstgrasbane som søker kommunen om å ta over Hornindal Idrettspark. Også fleirbrukshall vil vere eit kommunalt prosjekt.

10.2 Private anlegg

Fram til i dag er dei fleste idrettsanlegg i Hornindal eigde og drivne på dugnad av private lag, foreiningar eller institusjonar. Det frittek likevel ikkje Hornindal kommune frå å ha ei rolle i driftinga av slike anlegg, og kommunen kan gje både fagleg råd og hjelp i samband med planlegging og søknader, samt driftsstøtte gjennom kulturmidlane m.m.

Kommunen bør ha som målsetjing å halde på, og helst auke driftstilskotet til lag og organisasjonar i bygda. Med minkande dugnadsånd er det avgjerande at kommunen støttar opp om drifta av anlegga, spesielt for store og kostnadskrevjande anlegg. Når det gjeld tilskot til drift av friluftslivområde vil kommunen prioritere lag og organisasjonar som tek på seg ansvar for å rydde, merke og informere om stiar og turveggar. Det er ikkje avsett særskilte midlar til dette i budsjettet, men det er høve til å søkje om tilskot av kulturmidlane og SMIL-midlar.

10.3 Estetikk og miljø

Før det blir sett i verk bygging av store og kostnadskrevjande anlegg bør tiltaket planleggjast nøye. Dette av omsyn til m.a. planløyising, kostnader og estetikk.

Nye krav til universell utforming og energibruk m.m. legg sterke føringar på utforminga av anlegga, og fokus på miljø går igjen frå planfasen til byggjefasen, og over i drifts- og vedlikehaldsfasen.

Kommunen har eit ansvar for å vurdere estetikk og miljømessige krav i høve til anlegga sin funksjon og den fysiske og miljømessige heilskapen anlegget er ein del av. Lukkast kommunen med dette aukar den totale kvaliteten på anlegget.

I samband med anleggsutbygging og offentlege uterom, kan ein søkje Utsmykkingsfondet om tilskot til kunst/ utsmykking. Hornindal kommune har også ei lokal nemnd med kommunale vedtekter for utsmykking.

10.3.1 Kulturminne



I arbeidet med å leggje til rette for idretts- og friluftaktivitetar må det alt i planfasen takast omsyn til evt. kulturminne. På plankartet er kjende kulturminne merka med "K", og ved å innarbeide slike minne i planen vil dette kunne tilføre anlegget/ området kvalitetar utover det som ligg i sjølve tiltaket. Særleg viktig kan dette vere i friluftsområde. Elles vil automatisk freda kulturminne utan synleg markering på markoverflata kunne finnast på innmarksareal – som er tenkt nytta til utbygging. I slike tilfelle har tiltakshavar undersøkingsplikt i samsvar med *Lov om kulturminne* § 9.



Grothaugstova frå før 1650 er i privat eige, men der restaureringsarbeidet delvis er finansiert a Riksantikvaren og Sogn og Fjordane fylke. Også dette kulturminnet tilfører området kvalitetar som

Grodåsheimen er også i privat eige, og ei eiga nemnd har vurdert alternativ bruk – med tanke på å ta vare på dette vakre kulturminnet. Huset ligg i sentrum med nær tilknytning til strandpromenaden/ Laurapromenaden.



Grodåsheimen

11. VEDLEGG

11.1 HANDLINGSPLAN – ORDINÆRE ANLEGG 2009 - 2012

11.2 HANDLINGSPLAN – NÆRMILJØANLEGG 2009 - 2012

11.3 HANDLINGSPLAN – FRILUFTSLIVTILTAK 2009 - 2012

11.4 HANDLINGSPLAN – KULTURHUS 2009 - 2012

11.5 LISTE – UPRIORITERTE ANLEGG

**HANDLINGSPLAN FOR UTBYGGING AV
ORDINÆRE IDRETTSANLEGG I HORNINDAL KOMMUNE 2009 - 2012**

VEDLEGG 11.1

Prioritet	Tiltak	Utbygger/stad	Utbygg.	Innvest.	Aktuelle finansieringskilder					Drift
					Private		Kommunen		Stat/fylke	
					Tilskot/ g�ve	Dugnad	Komm. del	Mva-delen		
�r	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.				
1	Innand�rs skytebane	Hornindal skyttarlag, Ytrehorn	2009	2 400 000		1 130 000		450 000	720 000	35 000
2	Fleirbrukshall	Hornindal kommune p�	2010	29 800 000			16 500 000	5 900 000	7 400 000	
	med tilleggs-funksjonar	Prestegardsm�rka								Inklusiv avskrivning
3	Varmestove	Hornindal skisenter A/S, Grendadalen	2010	3 000 000	750 000	1 250 000			1 000 000	50 000
4	Treningsfelt - kunstgras.	Hornindal idrettspark	2012	6 550 000	1 750 000	600 000	1 140 000	960 000	2 100 000	90 000
	Speleflate 60 x 100 m, inkl underbygging og lysanlegg. Omfattar ogs� kostnad med flytting av slegge/diskos og spyd (Ca. kr. 250.000) *)								1/3 - inntil kr. 1 000 000	**)
5	L�petras�	Hornindal bygdeutviklingslag	2012							
6	Motorcrossbane	Stryn Motorcross, Langeset, Stryn	2012							
Sum				41 750 000		2 980 000	17 640 000	7 310 000	11 220 000	175 000

*) I brev fr  kunstgrasnemnda i HIL fotballgruppa er det nemnt at det ogs  b r kjøpast ny traktor. Kostnader ?

*) Driftskostnadene tek ikkje med konsekvensen av byggjekostnader

Sist oppdatert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 079/08

**HANDLINGSPLAN FOR UTBYGGING AV
NÆRMILJØANLEGG I HORNINDAL KOMMUNE 2009 - 2012**

VEDLEGG 11.2

Prioritet	Tiltak	Utbygger/stad	Utbygg.	Innvest.	Aktuelle finansieringskjelder					Drift
					Private		Kommunen		Stat/fylke	
			År	Kr.	Tilskot/ g�ve Kr.	Dugnad Kr.	Komm. del Kr.	Mva-delen Kr.	Kr.	Kr.
	Skileik/aktivitetsomr�de	Kirkehornsbakkane								
	N�rmilj�anlegg	Ulike stadar i kommunen								
Sum				0		0	0	0	0	0

HANDLINGSPLAN FOR FRILUFTSLIVTILTAK I HORNINDAL KOMMUNE 2009 - 2012

VEDLEGG 11.3

Prioritet	Tiltak	Utbygger/stad	Utbygg.	Innvest.	Aktuelle finansieringskilder					Drift	
					Private		Kommunen		Stat/fylke		
					År	Kr.	Tilskot/ gåve Kr.	Dugnad Kr.	Komm. del Kr.		Mva-delen Kr.
1.	Opprusting av moloen og badestranda frå moloen mot elveosen	Prosjektgruppa for utviklingsprosjektet i Hornindal	2009	1 200 000	50 000			350 000		400 000	
					?		Tal frå næringsplanen		Utgjer 1/3		
2.	Rydding av stiar og fiskeplassar.	Hornindal grunneigarlag	2009 - 2012	60 000	25 000			15 000			
							SMIL-midler		MD-midler (tilrettelegging for ferdsel)	MD. Tilskotsmidlar friluftsliv	
3.	Opprusting av gamle brygger langs Hornindalsvatnet	Hornindal kommune									
4.	Tilkomst for rullestolbrukarar/ fiskarar langs vatnet og elveosen	Hornindal kommune		30 000	5 000			25 000		70 000	
									Fiskefondsmidler		
	Sum			1 290 000	80 000	0		390 000	0		

MD = miljøverndepartementet

Sist oppdatert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 079/08

**HANDLINGSPLAN FOR UTBYGGING/ REHABILITERING AV
KULTURHUS I HORNINDAL KOMMUNE 2009 - 2012**

VEDLEGG 11.4

Prioritet	Tiltak	Utbygger/stad	Utbygg.	Innvest.	Aktuelle finansieringskilder					Drift
					Private		Kommunen		Stat/fylke	
					Tilskot/ g�ve	Dugnad	Komm. del	Mva-delen		
�r	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.			
Sum				0		0	0	0	0	0

**LISTE OVER UPRIORITERTE ANLEGG
I HORNINDAL KOMMUNE 2009 - 2012**

VEDLEGG 11.5

Prioritet	Tiltak	Utbygger/stad	Utbygg	Innvest.	Aktuelle finansieringskilder					Drift
					Private		Kommunen		Stat/fylke	
					Tilskot/ g�ve	Dugnad	Komm. del	Mva-delen		
			�r	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.
*	Klubbhus/reiskapshus	Hornindal idrettspark								
*	Symjehall									
*	Klatrevegg									
*	Skitrekk									
*	Anlegg for bogeskyting									
*	L�ypeprepareringsmaskin									
*	Tidtakarutstyr	Hornindal idrettspark /Hornindal skisenter								
*	Rehabilitering av kunststoffdekket	Hornindal idrettspark								
*	Lysl�ypa	Grendadalen								
*	Hoppbakkane	Seljeset								
*	Rehabilitering av grasdekket	Gamle fotballbana								
*	Kiosk/ mindre stadionbygg	Gamle fotballbana								
*	Grillhus	Gamle fotballbana								
*	Etablering av friluftsr�d	Interkommunalt								
Sum					0	0	0	0	0	0